

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

Ikkje publiser  
IP

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/16260-17Dato:  
20.11.2023**Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 16.11.2023**

<b>Møte nr.</b>	1
<b>Møtedato/tid:</b>	16.11.2023 klokka 17.30
<b>Stad:</b>	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
<b>Til stades:</b>	Jimmy Håkonsund, leiar FAU Jannicke Høyland, nestleiar FAU Jørgen Kausland, politisk representant Aksel Kalgraff Håkonsund, leiar elevrådet Solveig Ulvøen, nestleiar elevrådet Helena Håkonsund, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor  <b>Meldt avbod:</b> Rigmor Bråten, tillitsvalt, representant for lærarane

<b>Sak nr.</b>	<b>Tema</b>
1/23-24	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkallinga og sakslista blei godkjent
2/23-24	Val: Jimmy Håkonsund valt til leiar, Anne Hufthammer valt til skrivar
3/23-24	<b>Oppfølging av saker frå førre år:</b> <b>Utanomhusplanen:</b> SUS får 5 millionar til å realisera utanomhusplanen sin.

**Besøksadresse**  
Øygarden rådhus  
Foldnesvegen 1  
5354 STRAUME**Postadresse**  
Ternholmvegen 2  
5337 RONG**Kontonummer**  
1506.24.29981  
**Organisasjonsnummer**  
922 53 0890**E post**  
[postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)  
**Telefon**  
56 16 00 00

	<p><b>Helsesjukepleiarsituasjonen:</b> SUS har fått auka helsesjukepleiarressursen til 90 %. I tillegg har me skulelege annakvar tysdag. Legen er Ane Zakariassen Rong.</p>
4/23-24	<p><b>Informasjon frå elevrådsleiar:</b> Elevrådsleiar, Aksel Kalgraff Håkonsund, og nestleiar, Solveig Ulvøen, informerte om saker elevrådet jobbar med:</p> <p>Elevrådet har sett på utanomhusbanen, og dei ønskjer litt endringa, for eksempel ein sykkelbane. Det kom innspel på at det kanskje ikkje er så lurt å endra så mykje på utanomhusplanen sidan det er denne planen ein har nytta som utgangspunkt for søknaden om utanomhusområde. I tillegg har arkitekten teikna ein plan som ein bør halda seg til.</p> <p>Elevrådet har vore aktive i haust. Dei har til dømes laga Rosa dag og Halloween-dag, og bakt muffins dei har seld desse dagane. Det kom inn 56 000 kroner på løpet som skal delast mellom kreftforeininga og Håpet.</p> <p>I tillegg har dei opna kiosk og kjøpt kjøleskap. Denne kiosken har blitt populær blant elevane. Dei ønskjer kortautomat for elevane kan ikkje lenger få ut telefonen og vippsa for det har vore misbruk av telefonane. Kontantar er vanskeleg. Jimmy sjekkar opp om dei kan få ein kortautomat som går direkte inn til elevrådet sin konto. Denne kontoen har FAU ansvaret for.</p> <p>Elevrådet har oppretta ein ballkomite og starta planlegginga av juleballet.</p>
5/23-24	<p><b>Informasjon frå FAU:</b> FAU har hatt to møte til no pluss at eit møte blei avlyst og det var workshop i regi av skulen i staden.</p> <p>Det har blitt laga ulike grupper i FAU. Det er ei gruppe som ser på sponing av utstyr og materiell til uteområde.</p> <p>Ei anna ser på trafikkisikringa og skal jobba for gangfelt og trygg skuleveg. Skal ta kontakt med Stranda og kan også utvida dette til å samarbeida med fleire.</p> <p>Har også sett ned ei gruppe som skal jobba med rutinane til FAU. I SU-møtet kom det opp spørsmål om det ikkje burde vore like rutinar og malar for FAU på alle skulane i kommunen. Det er litt uklart korleis ein eventuelt skulle fått dette til.</p> <p>Ei gruppe skal jobba med sosiale medium og haldningsarbeid. Under diskusjonen kom det forslag om at Barnevakten har opplegg som ein kan nytta med tanke på haldningsarbeid.</p>
6/23-24	<p><b>Informasjon frå rektor:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektveka var veldig kjekk. Me hadde også kick-off i forkant der Marius Løken hadde foredrag. Dette var veldig vellukka. Dette blei sponsa av ulike bedrifter i lokalmiljøet som ein tilsett hadde tatt kontakt med. Det er me særst glade for.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ALF-gjengen på 10. trinn lagar benkar og bord til oss. På 9. trinn lagar dei blomkassar. Me har også fått malt litt og prøver å gjera skulen vår koselegare og finare.</li> <li>• <a href="#">Plan for framtidens skule</a> – felles plan for oppvekst. Planen blei vist, og det blei sagt litt om kva me har fokus på: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevmedverknad. Det er viktig for oss at elevane våre kjenner på medverknad. Difor er me glade for at elevrådet er så aktive og engasjerte. Me ønskjer at alle elevane på skulen bruker elevrådsrepresentantane sine til å bli høyrd. I utviklingsarbeidet vårt er også elevmedverknad viktig og her får dei uttala seg om organisering, undervisning, utstyr osb.</li> <li>- Overgangar: Me jobbar mykje med overgangane mellom barneskule og ungdomsskule og ungdomsskule til vidaregåande skule. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Me har starta med eit samarbeid med barneskulane. Begge skuleslaga har noko å læra av kvarandre, så me ønskjer at lærarane kan få møta kvarandre ein gong i halvåret og diskutera. Kanskje våre elevar også kan ha opplegg for barneskulane? Slik kan dei bli kjent med kvarandre før barneskuleelevane startar her. Fadderordning?</li> <li>- Me er veldig godt nøgde med at Sund ungdomsskule har minst fråfall i vidaregåande skule på vg. 1 våren 2022 av alle ungdomsskulane i Øygarden og Askøy.</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>• Det blei fortalt om utviklingsarbeidet vårt, «Vår tids skule», der me ønskjer å utvikla skulen vår til å bli ein skule for framtida, og der LK20 er lettare å fylgja enn det er i dag slik me organiserer skulen vår. Me har hatt workshops med elevane, foreldra og dei tilsette der alle har fått kome med innspel. Me har sett på desse innspela, og på planleggingsdagen vår starta me med første utviklingsområde: Praktisk og elevaktiv undervisning.</li> <li>• Det er litt hærverk og griseri – dette må me få til å stoppa. Fint om elevane kan «oppdra» kvarandre. Elevane kan ta opp i elevrådet at dersom det held fram med hærverk må elevane gå ut. Erfaring tilseier at etter å ha vore ute ei stund i alle friminutt, er det lettare å ha god åtferd når ein er inne i etterkant.</li> <li>• Det skjer ein del på Snapchat og TikTok. Sjølv om det som blir lagt ut skjer på fritida får det konsekvensar for skulekvardagen. Dei fleste sakene me sit i, har forgreiningar tilbake til noko som har skjedd ein annan stad enn skulen.</li> </ul>
7/23-24	<p><b>Økonomi</b> Ligg litt høgt på forbruk akkurat no grunna innkjøp av nye matematikkbøker til alle trinn. Fleire bøker til kvar elev, noko som gjer at dette blei veldig dyrt.</p>

	<p>Prosjektveka vår er også ganske kostbar, men me tenkjer at den er noko me har lyst til å halda fram med, for gevinsten er så stor.</p> <p>I tillegg har me nokre elevar som me kjøper alternative opplæringsarenaplassar til. Dette er noko me ønskjer å overta sjølv i stor grad frå neste skuleår, noko me tenkjer me vil spara litt på og også noko som vil føra til at dette opplegget heng meir saman med det andre me gjer på skulen. Me ønskjer at alle elevane kan få nytte av ein slik arena.</p>
8/23-24	<p><b>Eventuelt</b>  Møtedatoar:  Torsdag 22.02 klokka 18.00  Torsdag 30.05 klokka 18.00</p> <p>Korleis blir elevtalet neste skuleår? Skulen har fått beskjed om at det er 110 elevar på barneskulane som soknar til oss. Erfaring tilseier at nokre av desse elevane går til Danielsen. Me har ikkje rom til meir enn fire klassar slik situasjonen er no, så det kan sjå ut som det blir fire store klassar neste år.</p> <p>Skuletur for 10. trinn blir i januar/februar. Diskusjon rundt temaet skuletur. Me diskuterte både gjennomføring og prioritering.</p>
9/23-24	<p><b>Saker som skal følgjast opp</b>  Utanomhusplanen  Kortautomat til Elevrådet  Skuletur</p>

Med helsing

Anne Hufthammer  
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur